

# AINA ISDAL HAUGLAND

**Mobilnummer**

907 17 615

**E-postadresse**

ainaisdal@outlook.com

**Kontonummer** \*\*\*\* \* 09417**Vedtaksdato**

10.12.2022

**Vedtaket er gjort av**

Alver kommune

**Søknadsdato**

15.03.2022

**Vår referanse**

2022/2467, Agros 186111

## Vedtak om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket – Planlegge tiltak på elv og potetkjellar

---

**Samandrag:** Alver kommune har vedtatt å innvilge opptil 28 400 kroner i tilskot til AINA ISDAL HAUGLAND til Planlegge tiltak på elv og potetkjellar. Frist for å gjennomføre tiltaket og rapportere er 01.10.2025.

---

Alver kommune viser til søknad av 15.03.2022.

### Bakgrunn i saka

AINA ISDAL HAUGLAND søkte om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket 15.03.2022. Du søker om totalt 50 000 kroner i tilskot for tiltak perioden 16.05.2022-16.12.2024. Totalt kostnadsoverslag for tiltaket har du utrekna til 100 000 kroner.

Det er søkt om tilskot til planlegging av tiltak på potetkjellar og elv som går gjennom tunet på gbnr 185/5 og rydding av tre og vekstar i det samme området. Det er og søkt om tilskot til avbøtande tiltak mot flaum på den sørlege delen av elveløpet.

### Grunngjeving for vedtaket

Føremålet med tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket er å fremje natur- og kulturminneverdiane i kulturlandskapet i jordbruket og redusere forureininga frå jordbruket, utover det som kan ventast gjennom vanleg jordbruksdrift, jf. [forskrift om spesielle miljøtiltak i jordbruket](#) (SMIL-forskriften) § 1.

Ein kan innvilge tilskot til føretak som oppfyller vilkåra i forskrift av 19. desember 2014 nr. 1817 om produksjonstilskot og avløysartilskot i jordbruket § 2 og § 3 eller § 4.

Tilskot kan også gis til eigar av landbrukseigedom dersom det går føre seg ein produksjon på landbrukseigedom som oppfyller vilkåra for tilskot etter forskrifta som nemnt over. Om du sjølv ikkje eig landbrukseigedom skal tiltaket gjennomførast på, må det ligge føre løyve frå eigar til gjennomføring av prosjekt eller tiltak som nemnt i SMIL-forskrifta § 4 og § 5.

Søkaren må også oppfylle vilkår i forskrift av 1. juli 1999 nr. 791 om gjødslingsplanlegging. Det skal også førast journal over korleis plantevernemiddel som blir brukte, med opplysningar som nemnt i SMIL-forskrifta § 3 tredje ledd.

Landbruksavdelinga har vore på synfaring på eigedommen, og har vore i dialog med kulturminneforvaltninga i kommunen og miljøavdelinga hos statsforvaltaren i vestland.

Isdal er eitt av få klyngetun som er att i kommunen. Tunet har høg status som verneverdig kulturminne og er utlagt med omsynssone kulturmiljø i kommunedelplan for Knarvik, Alversund og Alverstraumen 2019-2031. Tørrmura element er ein grunnleggjande del av kulturlandskapet på Isdal. På gbnr 185/5 er elva som går gjennom tunet murt opp med elveforbygningar og hellebruer. Det går ei bru frå låven på 185/5 som gjev tilkomst til innmarksbeitet. Området på nordsida av denne brua på 185/5 og nordover langs 185/7 er kanskje noko av det best bevarte og mest interessante når det gjeld kulturhistorisk verdi langs elva som går gjennom Isdal. Murverka er relativt godt bevart og ein kan sjå ein vaskeplass i elva. Den tørrmura potetkjellaren er og ein naturleg del av dette kulturmiljøet. Kommunen meiner derfor at det positivt at ein vil starte opp arbeidet med å restaurere dette området, men dette må gjerast med varsemnd då det er mange ting å ta hensyn til i og ved elva.

Landbruksavdelinga meiner at det er postivt at ein får inn handtverkarer med kompetanse på tradisjonell tørrmuring i dette området, og vil støtte synfaring og tiltaksrapport i tråd med det som er omsøkt.

Det er søkt om tilskot til å rydde vegetasjon langs elva og rundt potetkjellaren. I følge vassressurslova §11 skal det vere ei kantsone med naturleg vegetasjon langs elva for å ivareta dyreliv og biologisk mangfald. Isdalselva er habitatkartlagt i rapport utarbeida av Rådgivande biologer AS, "Habitatkartlegging av sjøørretbekker i Nordhordland vannområde i 2020-2021". Det er sjøaure i vassdraget, og i rapporten er Isdalselva registrert med svært god hydrologisk status, god fisketetthet, moderate habitatforhold og svært dårleg morfologisk status. Ein av grunnane til at vassdraget har moderate habitatforhold er at kantvegetasjonen manglar eller er glissen mange stader. På bakgrunn av dette meiner vi at ein skal vere forsiktig med å fjerne meir av kantvegetasjonen langs Isdalselva. Skygge og dryss frå tre er ein viktig faktor for yngelen som lever i sanda. Ein bør derfor ikkje rydde området heilt for vegetasjon. Landbruksavdelinga har derfor vedtatt å kun gje tilskot til å fjerne tre og vegetasjon som skader murverket (nødvendig vedlikehald) og noko tynning av vegetasjonen der det er naturleg eller nødvendig med tanke på framkommeligheta, til dømes rundt potetkjellaren. Det skal ikkje fjernast fleire tre enn at kantsona framleis ivaretar sin biologiske funksjon. Kostnaden til rydding av vegetasjon er redusert på bakgrunn av dette.

I periodar med mykje nedbør er det eit problem at elva flaumer over på strekninga sør for brua, mot nabo i sør (185/6). Dette vatnet kan gjere skadar på våningshuset og andre bygningar på nabobruket, og det er nødvendig å gjere noko for å betre situasjonen. Det er søkt om tilskot til å gjere avbøtande tiltak, kartlegge status på elveløpet og planlegge tiltak. Det er ikkje skildra nærmare i søknaden kva for nokre avbøtande tiltak som skal gjerast, men det kan vere aktuelt å bygge opp ein mur på kritiske punkt og legge ein voll med jord i bakkant. Landbruksavdelinga meiner at dette kan vere eit godt tiltak for å avhjelpe situasjonen mildertidig. Vi meiner at dette fell innanfor formålet med SMIL-forskrifta på bakgrunn av den spesielle kulturverdien til tunet på Isdal.

Vassressurslova § 5 seier at ein tiltakshavar lyt syne plikt til aktsemd ved tiltak i eller kring eit vassdrag. Dette for å unngå skade på ålmenne og/eller private interesser. Det vil sei at det er viktig å sjå tiltak i ei elv i samanheng då tiltak ein stad kan medføre fylgjeskader ein annan stad i elva. Landbruksavdelinga har vore på synfaring fleire gonger og snakka med fleire av grunneigarane for å få eit best mogleg bilete av problematikken. Vår vurdering er at restaurering av området rundt potetkjellaren, nord for brua på 185/5 truleg ikkje vil ha nevneverdige konsekvenser for eigedommane lenger ned. Vi velger derfor å gje tilskot til oppstart av planlegginga av resturering av dette området. Når det gjeld området sør for brua vil tiltak ha direkte verknad på situasjonen på eigedommane lenger sør. I ei sak på ein annan eigedom i området har NVE rådd til at det vert utarbeida ein heilskapleg plan for området. På bakgrunn av dette meiner Landbruksavdelinga at det bør utarbeidast ein heilskapleg plan som omfattar alle dei aktuelle eigedommane. Området sør for brua på 185/5 blir eit viktig punkt å ta omsyn til i ein slik plan. Dersom det vert skipa til eit felles

prosjekt for å få laga ein heilskapleg plan på tvers av eigedommar, er dette noko som landbruksavdelinga vil vurdere å gje støtte til gjennom SMIL-ordninga. Planen bør utarbeidast av ein vassdragskyndig person og inkludere flaumberekning og berekningar av kva kapasitet og utforming sikringstiltak må ha.

Landbruksavdelinga har forståelse for at det er tidkrevande å administrere slike prosjekt. Det tar tid å skrive søknader og ha dialog med fagfolk, styresmakter og andre. Sjølv om det kan gjevast tilskot til planlegging og organisering er dette noko vi ikkje kan gje full kostnadsdekning på. Godkjent kostnad til desse punkta er sterkt redusert i forhold til det som er omsøkt. Dette er basert på ei vurdering ut frå kva som har vore vanleg praksis i liknande saker, begrensa midlar og den totale tilskotssummen som vert løyvd til ein enkelt søkar.

Godkjent kostnadsoverslag:

<b>Tiltak</b>	<b>Kostnad</b>
Synfaring Haakon Aase	5000
Tiltaksrapport	12 000
Rydding av tre langs elva og på potetkjeller, 20 timer	7000
Skrive søknader, administrasjon og dialog, 8 timar	2 800
Avbøtande tiltak	30 000
Kostnad	56 800
Tilskot	28 400

Alver kommune har vedtatt å innvilge opptil 28 400 kroner i tilskot.

### **Vilkår for tilskotet**

Frist for å gjennomføre tiltaket og rapportere er 01.10.2025. Dersom du ikkje overheld fristen, fell tilskotet vekk.

Innvilging av tilskot inneber ikkje at tiltaket er godkjent etter anna regelverk, som til dømes plan- og bygningslova, kulturminnelova, naturmangfaldlova, vassressurslova eller forureiningsforskrifta. Du må sjølv skaffe deg slikt løyve dersom det trengs, og dette må du gjere før du går i gang med tiltaket du no har fått tilskot til.

- Det skal ikkje fjernast meir vegetasjon enn at kantsona mot elva framleis tener sin biologiske funksjon
- Tiltak i elva skal ikkje gjerast i perioden når det ligg egg eller plommesekkyngel i grusen. Tiltak bør gjerast i sumarhalvåret, og så langt det er mogleg i ein periode med låg vassføring

Det kan søkjast om utsetjing av arbeidsfrist i inntil to år ut frå skriftleg grunngjeving, seinast ein månad før oppsett frist går ut. Løyvd tilskot kan trekkjast attende heilt eller delvis dersom det oppstår tilhøve som er i strid med føresetnadane for ordninga jfr § 10 i forskrifta om spesielle miljøtiltak i jordbruket.

### **Rapportering og utbetaling**

Når tiltaket er gjennomført, må du sende inn dokumentasjon på at tiltaket er gjennomført etter dei vilkåra som er sett i dette brevet. Du skal rapportere om måloppnåing og bruken av tilskottet slik rapporteringsskjemaet angir.

Sluttrapport skal innehalda:

- Utfylt rapporteringsskjema for eingongstiltak/investeringstiltak, inkludert rekneskap.
- Timeliste som dokumenterer eige arbeid

- Bilag på innkjøpt materiell
- Foto av utført tiltak

Alver kommune betaler ut det innvilga tilskotet etter at du skriftleg har bede om det, og når vi har godkjent rapport og sluttregneskapen for prosjektet eller tiltaket. Du kan be om utbetaling digitalt via Altinn.

For eitt-årige eller mindre prosjekt skal utbetalinga som hovudregel skje etter at prosjektet er avslutta. For fleirårige tilskot kan det vere aktuelt å betale ut delar undervegs i prosjektperioden. Delar av tilskotet kan utbetalast etter kvart som du godtgjer framdrift i gjennomføring av tiltaket og vi har godkjend rapporteringa. Minst 25 prosent av tilskotet blir halde attende til tiltaket er fullført og sluttrapporteringa er godkjend.

Landbruksdirektoratet sitt rapporteringsskjema for eingongstiltak/investeringstiltak skal fyllast ut og leggast ved når du ber om del- og sluttutbetaling. [Bruk denne malen](#)

Godkjent kostnadsoverslag for tiltaket er 56 800 kroner. Utbetalt tilskot kan ikkje overstige 50 % av godkjende kostnader for å utføre tiltaket. Dersom kostnaden for å utføre tiltaket er lågare enn godkjent kostnadsoverslag kan tilskotsbeløpet bli justert ned.

### **Kontroll**

Kommunen, statsforvaltaren og Landbruksdirektoratet kan gjere kontroll etter SMIL-forskrifta § 9.

### **Omgjering, tilbakebetaling og motrekning**

Vedtak om innvilga tilskot kan bli gjort om og utbetalt tilskot kan bli kravd betalt tilbake etter SMIL-forskrifta § 10 dersom det blir avdekka tilhøve som er i strid med det som er føresett ved innvilging av tilskotet.

### **Klagerett**

Du kan klage på dette vedtaket til Statsforvalteren i Vestland. Send klaga til Alver kommune. Vi vil sende saka vidare til Statsforvalteren i Vestland dersom vi ikkje gjer om vedtaket. Klagefristen er tre veker etter at du har motteke dette brevet, jf. forvaltingslova § 29. Du kan òg be om å få sjå dokumenta i saka, jf. forvaltingslova § 18 og § 19.

### **Meir informasjon**

På [nettsidene til Landbruksdirektoratet](#) kan du finne meir informasjon om spesielle miljøtiltak i jordbruket.

Med helsing  
for Alver kommune

Saksbehandla av: Marie Victoria Rekdal Skogrand

Godkjend av: Laila Bjørge